
BRIGTSEN

Eit 140 års butikk-jubileum



1852 *1992*

I år er det 140 år sidan familien Brigtsen starta handel i Samnanger. Denne brosjyren fortel litt om utviklinga gjennom desse åra.

Helsing Ragnar Brigtsen, FM-butikken på Ådland

Han kom frå Steinsdalen i Kvam og heitte Brigt Olavsson Mo. Dreiv som driftekar og fehandlar, men var nok i snillaste laget. Det vert fortalt at han kausjonerte for folk og måtte gå frå gard og grunn som følgje av det. Men i Samnanger var det mogleg å skaffa seg nytt gardsbruk etter at eit heilt følgje samningar hadde reist til Amerika. Og sidan Brigt Mo var godt kjend her frå mange fedriftferder til Bergen, enda det med at han bygsla plasset Søvika på Ådland. Dit kom han i 1837, saman med kone og tre born.

Brigt Mo døydde i 1844. Yngstesonen Ole, som då var 16 år, hjelpte mora med å driva plasset. Og det skulle visa seg å vera tiltak i denne guten, på mange måtar. Mellom anna dreiv han som "kunstmålar". Folk kom til han med gjenstandar dei ville ha dekorerte med "eikjemåling". Ole Brigtsen arbeidde også som bygningsarbeidar. Han var mellom anna med på å byggja kyrkja på Ådland (ferdig i 1851).

Ole var ikkje meir enn 24 år gamal då han tok til å driva handel i Søvika. Året var 1852.

Før denne tid hadde det ikkje vore annan handel i Samnanger enn at somme kjøpte med seg heim litt ekstra korn når dei var til Bergen, og selde dette til bygdefolk. Men no kunne folk gje eit ord til Ole Brigtsen om det var noko dei hadde trong for. Det vert fortalt om ein slipestein at den var noko av det første Ole Brigtsen skaffa heim etter at han byrja å handla. På "butikken" i naustet i Søvika lagerførte elles Ole salt og korn i bingar. Kundane kjøpte helst skjeppevis. Saltet og kornet vart henta heim frå Bergen laust i båtane.

Naturleg nok finst det ingen fotografi frå Søvika på Ådland frå den tida familien Brigtsen starta handel der. Biletet over viser derimot Ådland slik det såg ut tidleg i vårt århundre. Einaste bygningen på biletet som framleis står som på biletet, er "Skomakarhuset", det to høgder store huset litt til høgre på biletet. Til venstre ser me hotellet, som sidan vart bygt om og på fleire gonger. Heilt til venstre ser me butikken. Då Ragnvald Brigtsen bygde ny butikk og bustadhus i 1948, flytta han gamlebutikken (trilla han på store stokkar) eit stykke bakover til der bygningen framleis står.

Søvika var nok ikkje den verste staden å halda til med handel. Folk flest måtte i båt når dei skulle koma seg nokon stad i alle fall. Men om vinteren var det ofte vanskar med å få varene til Søvika på grunn av is. Difor sette Ole Brigtsen i 1860-åra opp i ei bu på Gaupholm, eit vintervarelager.

Ole Brigtsen fekk varene frå Bergen med jakter dei første åra. Samnanger hadde fleire jakteskipparar som dreiv stort med frakting av varer på den tida. Ole var sjølv med på innkjøpsferdene. Som last til Bergen hadde dei med seg seg jaktaved og bandabuntar (tunneband av hattel) m.m.

I 1866 byrja den nybygde dampbåten "Bjørnen" å gå i rute mellom Bergen og Tysse. Då vart det meir eller mindre slutt på innkjøpsferdene til byd´n. No kunne Ole Brigtsen få varer frå Bergen kvar onsdag.

Ole Brigtsen freista å få kjøpa Søvika, men det synte seg å vera uråd. Og etter bygslelova kunne dei berre bu der så lenge mora levde. Dette, i tillegg til isproblema og det å koma nærmare "dampen", førte til at Ole Brigtsen bestemte seg for å satsa på Gaupholm i staden. Saman med ein annan hadde han kjøpt den gamle Fusa kyrkje. Han hadde difor rikeleg med god plank til å byggja med. I 1868 døydde mora. Året etter flytta Ole saman med kona og den årsgamle sonen Brigt til Gaupholm for godt.

Eit kammers i det nybygde våningshuset vart nytta til butikk, saman med sjøhuset der nok det meste av handelen føregjekk. Både vareutval og handel auka og nådde sitt høgste i 1880-åra. Ole Brigtsen opplevde at verksemda han hadde starta heilt i det små i Søvika vaks og blømde på Gaupholm. Mellom anna gjorde nordlandsfarten sitt til denne utviklinga. Ikkje berre fekk mange meir pengar mellom hendene, men butikken på Gaupholm sytte også for utrusting til båtane.

Menn som hadde lagt seg opp pengar på Nordlandsfarten hadde dei ofte ståande i bybanken. Og Ole Brigtsen, som hadde stor tillit mellom bygdefolk, fekk ofte i oppdrag å fara til Bergen i bankærend for sambygdingane sine. Han fór over Brekkjen med lommene fulle av bankbøker og overnatta i Haugsdalen på veg heim, med pengane under hovudputa. Og at Ole Brigtsen, saman med handelsmann Sven L. Røsseland på Tysse, gjekk i brodden då sparebanken i Samnanger vart oppretta i 1874, var nok heilt naturleg.

Fram mot århundreskiftet gjekk handelen noko attende, mellom anna avdi stadig fleire starta handel kringom i bygda.

I 1898 døydde Ole Brigtsen, 70 år gamal.

Eldste son til Ole Brigtsen, Brigt, var i ungdomsåra meir oppteken av snekkararbeid og måling enn av handel. Han gjekk i møbelsnekkarlære og utdanna seg som sløydlærar. Brigt Brigtsen fekk også eit godt tilbod om å verta sløydlærar i Stavanger, men fann å måtta seia nei til det. Då faren døydde, bestemte han seg for å slå seg til heime, og tok straks fatt på å byggja nytt bustadhus.

På denne tida var handelsaktiviteten på Gaupholm liten, men ikkje minst på grunn av sterke oppmodingar frå bygdefolk tok Brigt og kona Kristina oppatt handlinga for fullt att, men no frå den store, fine kjellaren i det nye bustadhuset.

Den faste ruteferdsla med dampen gjorde også at det var grunnlag for postopneri på Gaupholm. Frå 1900 vart Brigt Brigtsen postopnar. Familieverksemda på Gaupholm hadde fått endå eit bein å stå på.


Dampbåtferdsla var elles etter kvart vorte meir og meir viktig for leveransane til handelen. Varene vart lossa frå dampbåten og ned i robåt ute på fjorden og rodde inn til land, i all slags ver. For å få slutt på dette bygde Brigt Brigtsen i 1903/1904 ny steinkai, ein kai som sidan vart utvida fleire gonger. Dette var eit storarbeid med leigd steinpram med krane frå Bergen. Då kaien stod ferdig kunne varene takast direkte frå dampen, eit stort framsteg. Samstundes med arbeidet på kaien vart det også sett opp grunnmur til eit - etter den tids målestokk - stort og fint butikkhus. Huset, som framleis hyser butikken på Gaupholm, var ferdig i 1904.

Nokre år seinare, i 1910, fekk dei seg skyssbåt. Båten var bygd på eit båtbyggjeri på Gaupholm og vart brukt til å skyssa dokter, prest, agentar og andre som hadde bruk for båtskyss. "Å gå med agentar" var elles ein aktivitet som familien Brigtsen på Gaupholm dreiv heilt fram mot andre verdskrigen.

Brigt Brigtsen arbeidde framleis ein del som sløydlærar kringom i bygda, og mykje av arbeidet



Så lenge fjorden var hovudferdsleåra i Samnanger, låg Gaupholm sentralt i bygda. Biletet er frå 1920-åra.



Frå 1866 og i nesten 100 år framover var "dampen" ein del av samningane sitt liv og ein viktig varelevarndør for butikkane. "Midthordland", her fotografert ved Gaupholm, var den siste båten som gjekk i rute på Samnanger.

med butikken fall difor på kona. Ein barneflokk på sju krov også sitt. Ungane leika nede ved kaien, fall uti alle som ein, minst ein gong, men vart berga opp att kvar gong. Somme av borna tykte også det var stor stas å få hjelpa til på butikken. Ragnvald fortalde at det første han fekk lov til var å finna fram og leggja på disken slikt som fyrstikker, tobakksrullar og tobakksøskjer. Då han sidan også fekk lov til å bruka vekta måtte han ha ein liten kasse til å stå på for å nå opp.

I dei første par tiåra av dette århundret var nesten all aktivitet kring landhandelen på Gaupholm knytt til fjorden og fisket. Det var sjøvegen dei kom, både kundane og dei som skulle levera varer. Etter kvart som ruteferdsla på fjorden auka styrkte det grunnlaget for handelsdrifta. Framleis stod også butikken for utrusting til vinterfisket. Dei hadde også mottak for hummar og var agent for brislingfiske. Elles tok butikken mot "bondevarer" som smør og kjøt på denne tida.

Når isen hindra "dampen" i å koma vidare innover fjorden, var aktiviteten ekstra stor på Gaupholm. Vinteren 1917/18 gjekk det to-tre månader før båten greidde å bryta seg gjennom isen til Tysse. Og sidan BEV på den tida dreiv andre byggjesteg på kraftstasjonen på Frøland samstundes som det vart bygt ny linje til Bergen, var det ekstra mykje liv og røre på Gaupholm. Alle matrialar måtte fraktast over kaien der.

Etter kvart endra forholda i Samnanger seg, og butikken på Gaupholm følgde med. Folk handla meir og meir av det dei trong på butikk. Nye handelsvarer var også aktuelle. Utover i 1920-åra dukka det opp fleire og fleire motorbåtar på fjorden i tillegg til at dei første bilane hadde teke til å rulla på vegane i Samnanger. Folk trong olje og bensin. På denne tida var det også stor anleggsaktivitet i Samnanger, kraftutbygging, vegbygging og telefonutbygging. Det var på mange måtar ei ny tid for bygda.

Ragnvald Brigtsen, yngste son til Brigt Brigtsen, tok følgjene av den nye tida. Han tok førarkort, kjøpte seg lastebil og dreiv frå slutten av 1920-åra mellom anna levering av olje og bensin til kraftutbyggingsanlegga i Fjedlagardane. Etter kvart vart ein stadig større del av verksemda på Gaupholm "flytta over på land".

På denne tida dreiv altså familien Brigtsen på Gaupholm ikkje berre butikk, men også mellom anna postopneri, skyssbåt og lastebilskyss. Før jul i 1928 var det klart for opning av endå eit nytt tiltak, telefonstasjon.

Utover i 1930-åra skaut endringane fart. Ferdsla på vegane auka. Samnanger hadde for lengst fått fleire butikkar kringom i bygda, og vegane spelte ein stadig viktigare rolle i samferdsle og handel.

Ragnvald Brigtsen hadde etter kvart fått ein sentral plass i familiverksemda på Gaupholm. Han sytte mellom anna for ominnreiding av butikken til slik lokala står den dag i dag. I 1935 gifta Ragnvald seg med Herborg Røsseland. Far til Herborg, Hermann Røsseland, var død og mora, Magdalene, omattgift med Johan Ystaas. Dei dreiv hotell og landhandel på Ådland. Men i 1938 døydde Johan Ystaas. Dermed flytta Ragnvald og Herborg til Ådland for å driva butikk og hotell saman med Magdalene Ystaas. Såleis var familien Brigtsen, representert ved Ragnvald, attende til utgangspunktet, Ådland. Også Herborg hadde god slektsbakgrunn for oppgåva ho og Ragnvald tok fatt på. Røsseland-familien hadde drive handel og gjestgjeveri på Tysse i mange år. Det var elles oldefar til Herborg som i si tid drog i gong sparebanken i Samnanger saman med bestefar til Ragnvald.

Butikken på Gaupholm vart driven vidare i Brigt Brigtsen sitt namn heilt fram til 1943, då overtok eldsteson Ole. I 1947 fekk Gaupholm oljetank og leveringa av drivstoff til fiske og sjøtransport tok seg opp. Det er Brigt og Tore Brigtsen, dei to eldste sønene til Ole, som har stått for drifta i seinare år.

Ragnvald Brigtsen fekk ein tøff start på butikklivet på Ådland. Eit par år etter han overtok, kom krigen, og sjølv om Ragnvald meinte han hadde stort varelager då krigen braut ut, forsvann alt saman på ein dag. I åra som kom sleit Ragnvald Brigtsen fælt med å skaffa varer. Han samarbeidde mellom anna med Hans Solberg på Tysse om å reisa til Bergen for å prøva å få tak i varer.

Både butikkdrifta og hotelldrifta vart også meir direkte merka av krigen og alle tyskarane som oppheldt seg på Ådland. Mellom episodane som vart hugsa var den gongen ein tyskar reid like inn i "Samningastova" på hotellet. Og sjølv om vertskapet nok tykte ille om slik framferd, reagerte dei endå meir på at dei tyskarane som sat der inne gav hesten sukker.

Ragnvald Brigtsen var elles ein samfunnsengasjert mann som på denne tida mellom anna var styremedlem i Midthordlandske Dampskipsselskap. Ragnvald Brigtsen var elles aktiv i kjøpmannsforeningen og han var med og skipa KØFF i 1941.

I 1948 flytta Ragnvald Brigtsen inn i nytt butikkbygg på Ådland. Framleis var det rasjonering på det meste, men Ragnvald hadde kjøpt ei jarnbanevogn med russisk tømmer som vart nytta til nybygget. Men bygget vart langt dyrare enn rekna med. Ikkje minst innreiding, handlaga i stort og smått, drog kostnaden kraftig opp. Innreidinga vart like dyr som sjølve bygget. Men så vart det også ein mønsterbutikk som kjøpmenn kom lange vegar for å sjå.

Det kostbare nybygget gjorde at det vart nokre tunge år for butikkdrifta på Ådland.

Rundt 1960 var det i Samnanger kring 15 daglegvarebutikkar, eller kanskje ein skulle seia kramboder. For framleis føregjekk mykje av handelen på gamlemåten, med veging av mjøl, med sirupstunne - og sjølvsagt alt over disk.

Men utover på 60-talet skjedde store endringar. Folk fekk meir pengar. Vareutvalet auka. Mjølkebilen slutta å kjøra og butikkane tok til å selja mjølk og ost. Papirvarer som bleier og tørkerull kom inn. Etter kvart også frysevarer, kosmetikk (hårlakk var

ein stor artikkel ein periode!) og anna. Varer som ein tidlegare aldri ville finna på å kjøpa, vart nødvendige varer. Ta katte- og hundemat. I dag er det ein stor artikkel. For eit par tiår sidan hadde me aldri høyrt om ei slik vare. Det var altså på 60-talet denne utviklinga starta for fullt. Handelen tok også nye former. Butikkane trong større plass og måtte investera i meir teknisk utstyr. Denne utviklinga førte til at mange småbutikkar la ned drifta. Dei som var att opplevde ein kraftig auke i omsetnaden.

Ragnvald Brigtsen fekk etter kvart sonen Ragnar som aktiv medspelar i butikkdrifta. I 1968 bestemte dei seg for å satsa på det siste innan moderne daglevarehandel: butikken vart bygd om til sjølvbetjening.

Herborg Brigtsen hadde etter kvart overteke meir og meir av ansvaret for hotelldrifta etter mora. Men i 1969 døydde Herborg og hotelldrifta vart lagt ned. Dette førte sjølvsagt også til at det vart slutt på at alle rutebussar på veg til Bergen tok "ete- og luftepause" på Ådland. Ei merkbar endring for alle på Ådland.

Sjølv om folk fekk meir og meir pengar å handla for utover på 70-talet, opplevde butikkane i Samnanger også ein stadig aukande konkurranse frå butikksenter i Bergen. Avstandane vart kortare og folk flest hadde bil til å reisa med. Fleire og fleire samningar pendla til Bergen på arbeid. Det var ikkje lenger sjølvsagt å handla daglegvarene på nærbutikken.


Sjølv om ombygginga til sjølvbetjing hadde ført til ei meir moderne drift av Ragnvald Brigtsen Landhandel, vart det meir og meir klart at tida hadde innhenta "mønsterbutikken". Lokala var rett og slett ikkje store nok.

Nybygg var einaste løysing. Hotellet vart rive og eit nytt forretningsbygg reist på tomten. I 1978 vart den nye butikken teken i bruk. Samstundes flytta to leigetakarar inn, post og bank.

Son til Ragnvald Brigtsen, Ragnar, hadde arbeidd på butikken alt frå gutedagane tidleg på 60-talet. Men formelt overtok han ikkje før i 1981, sjølv om han då hadde stått i brodden for drifta i mange år.

Den viktigaste endringa i Ragnar Brigtsen si tid, i tillegg til nybygget, er overgangen frå sjølvstendig landhandel til å verta ein del av ein kjede. I 1979 gjekk butikken inn i det nyskipa Pluss Marked, ein kjede som frå starten omfatta 10 butikkar frå ulike stader i Hordaland. I 1990 gjekk Pluss marked-butikkane saman med butikkar frå landet elles under namnet FM Familiemarked. FM-kjeda omfattar i dag ca. 600 butikkar. Ragnar Brigtsen har spelt ein aktiv rolle i dette kjedesamarbeidet, mellom anna som tillitsvald. Før kjedene kom og overtok rolla som samarbeidsorgan for butikkane, var Ragnar også aktiv i kjøpmannsforeningen.

Men sjølv kjedesamarbeid og lavprisar er ikkje nok for å møta konkurransen frå mellom anna eit stadig nærmare Bergen. For å sikra vidare drift av butikkverksemda, har Ragnar Brigtsen bestemt seg for å byggja ny og større butikk, denne gong på Bjørkheim. På vårparten 1993 skal nybygget stå innflyttingsklart. Med det startar ein ny epoke i Brigtsen-familien si 140 år lange butikksoge i Samnanger.



Hotellet var sjølve "landemerket" på Ådland. Men i 1978 vart det rive for å gje plass til den nye butikken.